



HJELMELAND  
KOMMUNE

## Saksframlegg

«Beskrivelse»

«Paragraf»

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Nilsen, Haldis Karine	K2 - K12	14/1240

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
074/18	Formannskapet	PS	16.10.2018

### BESØKSSTRATEGI FOR SVR - HØYRING

#### Vedlegg:

Besøksstrategi for SVR - Høyring

Besøksstrategi SVR - Høyringsbrev

Besøksstrategi for SVR - Høyringsutkast

#### Forslag til vedtak:

Hjelmeland kommune er i utgangspunktet positiv til framlagt til besøksstrategi for verneområda. Men felles innfallsport til verneområda i Hjelmeland må vera i Hjelmelandsvågen, ikkje på Kleivaland. Hjelmelandsvågen vil vera det beste utgangspunktet for å oppfylla måla i besøksstrategien, ikkje minst på reiseliv. Ein vil også peika på at det er fleire naturlege startpunkt for besøk i verneområda i Hjelmeland i tillegg til Kleivaland. Det gjeld gjennom fjordturar inn til Førre, og via startpunkta på Funningsland og på Nes i Årdal. God tilrettelegging er generelt viktig for å bidra til verdiskaping og samstundes ta vare på kvalitetane i verneområda. Ritlandskrateret, Trollgarden, Trodla-Tysdal og sjølv Jøsenfjorden/Førre er særleg interessante område med tanke på besøkande.

Hjelmeland, den 05.10.2018

Wictor Juul  
Rådmann

Formannskapet - 074/18

#### FSK - behandling:

#### Behandling:

#### Røysting:

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak.

#### FSK - vedtak:



## HJELMELAND KOMMUNE

Hjelmeland kommune er i utgangspunktet positiv til framlagt til besøksstrategi for verneområda. Men felles innfallspørt til verneområda i Hjelmeland må vera i Hjelmelandsvågen, ikkje på Kleivaland. Hjelmelandsvågen vil vera det beste utgangspunktet for å oppfylle måla i besøksstrategien, ikkje minst på reiseliv. Ein vil også peika på at det er fleire naturlege startpunkt for besøk i verneområda i Hjelmeland i tillegg til Kleivaland. Det gjeld gjennom fjordturar inn til Førre, og via startpunkta på Funningsland og på Nes i Årdal.

God tilrettelegging er generelt viktig for å bidra til verdiskaping og samstundes ta vare på kvalitetane i verneområda. Ritlandskrateret, Trollgarden, Trodla-Tysdal og sjølve Jøsenfjorden/Førre er særleg interessante område med tanke på besøkande.

### Saksopplysninger:

#### Samandrag

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har utarbeidd eit forslag til besøksstrategi for verneområda, for perioden 2019-2025. Strategien skal syne kva tiltak som er naudsynt for å ta omsyn til både verneverdiar, dei besøkande og lokal verdiskaping.

Verneområdestyret legg vekt på å skapa attraktive innfallspørtar til verneområda som kan bidra til gode opplevingar og skape eit grunnlag for lokal verdiskaping. Rådmannen tilrår at Hjelmelandsvågen vert innfallspørtan til verneområda i Hjelmeland i tillegg til dei konkrete «løypestartområda».

Ein ferdig vedteken besøksstrategi vil truleg kunne utløysa statlege midler til gjennomføring av konkrete tiltak.

#### Fakta

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har utarbeidd eit forslag til besøksstrategi for verneområda, for perioden 2019-2025. Strategien skal syne kva tiltak som er naudsynt for å ta omsyn til både verneverdiar, dei besøkande og lokal verdiskaping.

Det innsendte dokumentet er på 88 sider fordelt på fem kapitel, og har følgjande inndeling:

1 Innleiing (føremål, rammeverk, prosess og medverknad)

2 Kunnskapsgrunnlaget (utfordringar, kva kan bli betre)

3 Mål, strategiske grep og vegval

4 Tiltak (på innfallspørtane, andre infotiltak, tiltaksplan og føringar for styring og kanalisering av ferdsel i verneområda)

5 vedlegg: Kunnskapsgrunnlaget (naturverdiar, kulturminne, reiseliv kring verneområda og nærare omtale av innfallspørtane)

For Hjelmeland sin del er det landskapsvernområda Lusaheia og Vormedalsheia som inngår i «SVR»-pakken i tillegg til naturreservata Nordstølheia og Øyastølsmyra. Det største



## HJELMELAND KOMMUNE

enkeltattraksjonen innafør verneområda i Hjelmeland, er Ritlandskrateret.

### Kva kan bli betre?

I kap 2.2.2 vert det drøfta kva ein kan løysa gjennom ein aktiv besøksforvaltning. Det vert spesielt sikta til styrking av verneføremålet, og tiltak som kan betra tilhøvet for dei reisande og besøkande. Somtredje punkt vert tilbod til born og unge særskilt nemnd.

### Målsettingar:

I kap 3.1 vert desse måla presenterte:

*På bakgrunn av målsettingane for besøksforvaltninga i kapittel 1.1, kunnskapsgrunnlaget og forvaltningsmåla som er fastsett i forvaltningsplanen, har verneområdestyret sett ned konkrete målsettingar for kvart av dei tre elementa i besøksforvaltninga:*

#### *Mål for verneverdiane*

- Verneverdiane knytt til Europas sørlegaste villreinstamme skal styrkast gjennom tiltak som medfører auka trekkaktivitet og auka områdebruk, og reduserer forstyrring frå menneskeleg ferdsel i viktige funksjonsområder
- Verneverdiane knytt til landskap og vegetasjon skal i varetakast gjennom målretta informasjons- og tilretteleggingstiltak som medfører redusert terrengslitasje.

*Fleire av tiltaka i besøksstrategien kan medføre auka ferdsel i verneområda, noko som kan stå i motstrid til verneføremåla knytt til ivaretaking av villreinstamma i området. Det er derfor svært viktig at denne auka i ferdsel ikkje kjem i sentrale villreinområde, og at tiltaka i besøksstrategien kan bidra til redusert forstyrring av villreinen på stader kor det er konflikatar i dag.*

#### *Mål for dei besøkande*

- Både tilreisande og fastbuande skal få gode opplevingar i møte med verneområda. Dei gode opplevingane skal være knytt til både ein lett tilgjengeleg og godt tilrettelagt infrastruktur ved innfallsportane, og godt tilrettelagt informasjon om natur og kulturtilhøve. Slik kunnskap skal gi ein ekstra dimensjon ved opplevinga, auka forståing for vernet og gje stoltheit over dei unike verdiane i verneområda.

#### *Mål for barn og unge*

- Fleire barn og unge skal få moglegheit til gode opplevingar i verneområda, og få meir kunnskap om friluftsliv, natur- og kulturtilhøve og lokal haustingskultur som skal gje naturglede og auka forståing for vernet

#### *Mål for reiselivet*

- Gjennom tiltaka i besøksstrategien skal innfallsportane til verneområda gjerast attraktive for fleire besøkande. God tilrettelegging og fleire besøkande kan gje grunnlag for nyetableringar og skape vekst og positiv utvikling for lokale reiselivsverksemdar

Når det gjeld strategiske grep, vert desse punkta opplista (kap 3.1):



## HJELMELAND KOMMUNE

- strategien skal retta seg mot bruk knytt til rekreasjon og oppleving
- fellestiltak skal prioriterast
- fokus på informasjon og tilrettelegging på etablerte innfallsportar
- kommunale sti og løypeplanar som sentralt verktøy for styring og kanalisering av ferdsel
- aktiv bruk av verdiskapingsprosjektet «Kunnskapsformidleing om villrein og villrein fjellet»
- fokus på verkemiddel som forvaltninga rår over sjølv
- drift og vedlikehald av tilretteleggings og informasjonstiltak

Når det gjeld sjølve innfallsportane, er desse med få unntak fordelte med ein innfallsport i kvar kommune. For kommunane på vestsida foreslår strategien Nesflaten(Suldal), Kleivaland (Hjelmeland), Røssdalen og Øygardsstøl (Forsand), Eikeskog (Bjerkreim) og Ådneram i Sirdal. På austsida er det frå ord til sør Hovden, Brokke (to stader), Solheimsdalen, Borteli, Ljosland og Knaben. Det vert sagt at besøksstrategien legg opp til to typer innfallsportar: «Sentrum» der det er naturleg å stoppa for å henta informasjon, og «startpunkt» ved starten av stiane for turane inn til verneområda. Kleivaland er i den siste kategorien. Det vert sagt at dei innfallsportane som truleg vil ha størst behov for ressursar både til planlegging og gjennomføring er Hovden og Håhellervatn, men og utbygginga av innfallsportane på Knaben og Nesflaten vil krevja ein del ressursar.

Konkret for Kleivaland vert det foreslått følgjande tiltak (kap 4.1):

### *Kleivaland (3)*

*Kleivaland ligg i Vormedalen i Hjelmeland kommune, om lag 19 km eller 20 min køyring frå Hjelmeland sentrum. Kleivaland er den sentrale innfallsporten for Ritlandskrateret, Øyastøl naturreservat og Vormedalsheia landskapsvernområde, og betener i hovudsak fastbuande og langturturistar.*

*Tiltaka under kan være aktuelle dersom ein kjem fram til ei ny avtale med grunneigarane om parkering og eventuell omlegging av turløypene i området.*

### **Tiltak**

- Utviding av parkeringsplassen ved Kleivaland
- Klopplugging av sti i våte parti i og ved gapahuken
- Omlegging, opparbeiding og kloppugging av turstier i området
- Betre merking av stien mellom gapahuken og Øyastølsmyra.
- Etablering av informasjonspunkt ved parkeringsplassen på Kleivaland.
- Informasjonsskilt ved Øyastølsmyra (om tradisjonell bruk og skjøtsel av myra).
- Istandsetting av eksisterande bru eller bygging av ny bru over Ottestølsåna
- Slutføring av skjøtselstiltak knytt til vegetasjonsrydding på og ved Øyastølsmyra.
- Gjennomføring av myrslått på Øyastølsmyra i tråd med skjøtelsesplanen.

*I 2018 vil SVR saman med grunneigarane, Hjelmeland kommune og Stavanger turistforening*



## HJELMELAND KOMMUNE

*avklare kva som er dei beste løysinga i høve til parkering og turløyper i området.*

*Rydding av vegetasjon ved Øyastølsmyra har vore gjennomført i fleire år, og vil bli sluttført i 2018*

Når det gjeld tiltaksplan, er tiltaka som er foreslått i Hjelmeland konsentrert rundt diverse kloppluggingstiltak, og det å byggja ein innfallsport på Kleivaland.

Kap 4.4 gir føringar for styring og kanalisering av ferdsel. Generelt vert det lagt opp til å unngå villreintrekk og viktige vinterbeiteområde. Det medfører større opning for ferdsel på vestsida i høve til austsida. Konkret betyr det også å arbeida for ei flytting av løypenettet til turistforeningen til vestsida av Blåsjø. Det står følgjande om dette (s 34)

### *Bakgrunn*

*Villreinen sine trekkmoglegheiter i området er avgrensa frå naturen side, og vart ytterlegare avgrensa etter Sira-Kvina og Ulla-Førre reguleringane med tilhøyrande magasin, anleggsvegar og kraftlinjer. Turisthytta Storsteinen med tilhøyrande rutenett er lokalisert i dei smale resttrekka, og i 2017 vart det registrert om lag 1000 passeringar til og frå hytta. Trekkaktiviteten i området har nærast stoppa heilt opp og villreinstamma er delt i to.*

*Det ligg føre eit regjeringsvedtak frå 1974 om lokalisering av løypenettet aust for Blåsjø. Ei eventuell flytting må derfor være frivillig. SVR er forvaltningsstyresmakt ved eventuell omlokalisering av hytter og rutenett. Miljødirektoratet kan med heimel i punkt i 4.4 i verneføreskrifta for SVR førby ferdsel i delar av verneområdet dersom det er nødvendig for å verne naturmiljø og dyreliv.*

### Tiltak

*Arbeide for nedlegging av Storsteinen og tilhøyrande rutenett, og flytting av hytte og løypenettet til vestsida av Blåsjø.*

*SVR har ei forventning om at STF vert ein pådrivar i dette arbeidet og saman med SVR, kommunar og grunneigarar kjem fram til ei friviljug ordning. SVR kan ta på seg å skaffe grunnlagsdata hovudsakeleg frå GPS-merkeprosjektet og elles vera ein aktiv samarbeidspart i arbeidet*

### **Lovar, føresegner, rundskriv**

Rammeverk for besøksstrategien er kongeleg resolusjon for verneområda, sjølve verneforskriftene, forvaltningsplanen og lov om naturmangfald. I tillegg er det frå sentralt hald utvikla ein rettleiar for besøksforvaltning og merkevaren «Norges nasjonalparker». Denne er også lagt til grunn.

### **Økonomiske konsekvensar**

Ingen direkte, men ein godkjent besøksstrategi vil vera eit grunnlag for å kunne søkja om midler.

### **Gjeldande planar, retningsliner og vedtak**



## HJELMELAND KOMMUNE

Viser her til forvaltningsplanen.

### **Innkomne uttalar**

Kommunen kjenner ikkje til innhaldet i andre uttalar. Frist er 15.10, men kommunen har fått utsett frist til formannskapsmøtet 16.10.

### **Vurdering og konklusjon**

Arbeidet med ein besøksstrategi er positivt i høve til å sjå ulike tiltak i ein samanheng. Når nær ein fjerdepart av kommunen har status som verneområde, så er det eit kvalitetsstempel på natur i Hjelmeland. Ein besøksstrategi gir høve til å ta eit litt heilskapleg grep, og også få til verdiskaping med bakgrunn i dei same naturkvalitetane. Dei målsettingane som er nedfelte i kap 3.1 tykkjer råmannen er eit godt utgangspunkt for arbeidet, ikkje minst når det gjeld reiseliv: «Gjennom tiltaka i besøksstrategien skal innfallsportane gjerast attraktive for fleire besøkande. God tilrettelegging og fleire besøkande kan gje grunnlag for nyeetableringar og skape vekst og positiv utvikling for lokale reiselivsverksemdar».

Rådmannen er derimot usamd i å velja Kleivaland som den eine innfallsporten i Hjelmeland. Kleivaland som startpunkt for løypenett til Mælands Grønahei og Trodla-Tysdal er uomtvisteleg. Men Kleivaland dekkjer berre ein del av verneområda. Vormedalsheia landskapsvernområde strekk seg frå Funningsland til Førre, og sørsida av Jøsenfjorden saman med delar av sørsida av Lysefjorden representerer ein sjeldan del av det som til saman utgjer verneområda mellom oss og Setesdal. Funningsland og fjorden er viktige startpunkt for å nå verneområda. Ikkje minst når det no er tale om bygging av turisthytte ikkje så langt frå Trollgaren. Viglesdalen og Nilsebu er viktige startpunkt for å nå Lusaheia.

På Kleivaland er det heller ingen mulighet til å oppnå det som er formulert som målsetting når det gjeld reiseliv. Rådmannen finn i staden grunn til å fremja Hjelmelandsvågen som innfallsport til verneområda i Hjelmeland kommune. Du må forbi Hjelmelandsvågen for å nå startpunktene på Kleivaland og Funningsland. Og det vert arbeidd med å få faste båtturar inn fjorden som lekk i satsinga på reiselivet. Her er overnattingsbedrifter og butikkar, og kommunen sitt informasjonssenter. Gjennom arbeidet med kommunenplanen har ein vald å satsa vidare på visjonen «Hjelmeland Naturlegvis», og friluftsliv generelt er viktig punkt. Andre sentrale turmål som Hjelmeland og Skomakarnibba har Vågen som utgangspunkt. I Vågen vil det vera mogleg å kunne etablere informasjonspunkt som er tilgjengeleg for alle heile døgeret, og som i tillegg er lett tilgjengeleg for fastbuande og turistar

Sjølv om ein peikar ut Hjelmelandsvågen som innfallsport, så må jo mykje av den praktiske tilrettelegginga som td klopplegging og parkering gå føre seg der folk ferdast og der folk set frå seg bilen. Det vil seia på Funningsland, på Kleivaland, på Nes og andre stader.

Ei satsing på Hjelmelandsvågen vil vera parallell til dei innfallsportane som er nemnde på Nesflaten, Hovden og Knaben.

Når det gjeld styring av ferdsel, vil rådmannen peika på at forholdet til villrein faktisk ikkje er del av føremålsparagrafane i dei to største verneområda i Hjelmeland. Ei flytting av turistløypene til vestsida kan vera positivt i høve til å skapa aktivitet på denne sida, men vil nok virka negativt i høve til villreininteressene i dei vestlegaste områda.



**HJELMELAND  
KOMMUNE**